

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs Konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i 1955.

Kronprinsen har sidan 29. juni 1955 i medhald av § 41 i Grunnlova vore regent medan Kongen har vore sjuk.

Noreg har vori med i den 10. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane og i den 19. og den 20. samlinga i Det økonomiske og sosiale rådet.

Noreg har vori med i den konferansen som Dei sameinte nasjonane skipa til, om bruk av atomenergi til fredelege formål. Med Sambandsstatane i Amerika er det teki opp drøftingar om ein avtale om samarbeid om fredeleg bruk av atomenergi. Dessutan er det tinga med dei andre norderlanda om nordisk samarbeid på dette feltet.

Avtalen om Den europeiske betalingsunionen er lengd for enda eitt år fram til 30. juni 1956. I samband med dette har medlemslanda i Organisasjonen for europeisk økonomisk samarbeid gjort ein Europeisk Valuta-avtale, som skal koma i staden for Betalingsunionen når den blir oppløyst.

Partane i Generalavtalen om tolltariffar og handel har vorti samde om ei rekkje endringar som vil auke det verdet avtalen

har for utviklinga av den internasjonale handelen. Det er samstundes nådd fram til semje om å skipa ein serskild organisasjon for handelspolitisk samarbeid som skal administrere avtalen.

Noreg har gjort ei rad betalings- og varebyte-avtale med andre land, mellom anna ein avtale med Sovjet-Samveldet om varebyttet i 3-årsperioden 1956—58.

Utbygginga av Forsvaret har haldi fram i samsvar med dei planane Stortinget har godkjent. Det programmet som Stortinget har gjort avtale om for 3-årsperioden fram til 1. juli 1954, er no i alle hovudpunkt gjennomført kvantitativt. Arbeidet blir no mest lagt på den kvalitative utbygginga.

Det meste av det materiellet som skal leverast under det amerikanske hjelpeprogrammet er no motteki. Marinen har under dette hjelpeprogrammet fått 6 nye minesveiparar. Det er gjort avtale med Canada om å låne Marinen 3 fregattar til å bruke til eskorte- og oppsynsskip. Flyvåpenet har byrja å setja opp dei to nattjagar-skvadronane, som treårsplanen føreset. Flyplassane Bardufoss og Gardermoen er fullførde, og Flesland flyplass er opna for sivil trafikk. Kontroll- og varslingsssystemet er under utbygging. Flyvåpenet utdanar framleis flygarane og navigatørane sine på gode vilkår i Canada under

våpenhjelpprogrammet. Marinen og Flyvåpenet har vori med på samøvingar med andre land.

Talet på sysselsette lønsmottakarar gjekk opp med om lag 12 000 frå 1954 til 1955. Også det siste året var arbeidskraftsituasjonen stram. Sysselsetjinga auka mest i industri, sjøtransport og varehandel. På den andre sida var det etter måten stor nedgang i talet på sysselsette i anleggsverksemd.

Den samla produksjonen av varer og tenester i 1955 har vori om lag 3 prosent større enn i 1954. Oppgangen i nasjonalproduktet skriv seg serleg frå produksjonsauken i industri og skipsfart. Den langvarige turken førde til at jordbruket fekk noko mindre avlingar enn i 1954.

Førebels oppgaver over varebyttet med utlandet viser at det i 1955 vart innført varer utanom skip for om lag 335 mill. kr. meir enn året før. Innførsleverdet kom dermed opp i rundt 6 440 mill. kroner. Oppgangen i vareutførsla utanom skip var noko større, og er førebels rekna til om lag 380 mill. kroner. Det samla verdet av vareutførsla var vèl 4 635 mill. kroner. Innførsleoverskotet av varer utanom skip var såleis ikring 1 800 mill. kroner.

Både for innførsla og utførsla heng verdi-auken noko saman med større varemengder og noko med høgre prisar. Bytetilhøvet har utvikla seg til bate for oss.

Nettoinnførsla av skip auka med om lag 200 mill. kroner frå 1954 til 1955. Samstundes steig nettofraktinntektene av norske skip i

utanriksfart med vèl 500 mill. kroner. Alt i alt vart underskotet på vare- og tenestebalansen om lag 700 mill. kroner i 1955, eller 300 mill. kroner mindre enn året før.

I jordbruket var vokstervilkåra i 1955 mindre bra over det meste av landet. Heile avlinga er førebels rekna til 79 prosent av medelsår. Fruktdyrkinga kasta òg mykje mindre av seg enn i 1954, som var eit sers rikt fruktår. Den samla husdyrproduksjonen var truleg om lag like stor i 1955 som året før.

Driftstilhøva i skogbruket var stort sétt svært gode over heile landet, og det var nok tilgang på arbeidskraft. Etter førebels oppgaver vart det i hogstperioden 1954—55 avverka 7,3 mill. kubikkmeter bartretømmer til sal. Det var noko mindre enn i perioden før. Hausten 1955 var det til 15. november avverka monaleg meir tømmer enn til same tid året før.

Årsfangsta i fisket er i 1955 førebels rekna til ikring 1 635 000 tonn. Det er noko mindre enn året før, med di sildefisket gav mindre utbyte enn i rekordåret 1954. Fangstverdet vart alt i alt noko høgre i 1955 enn året før. Det er førebels rekna til 600 mill. kroner.

Kvalfangsta gav noko mindre utbyte i fangstbolken 1954—55 enn i sesongen før. Norske ekspedisjonar produserte 869 000 fat kval- og sperm-olje, eller 159 000 fat mindre enn i fangstbolken 1953—54. Det totale fangstverdet gjekk ned frå 242 mill. kroner til om lag 225 mill. kroner.

Produksjonen i bergverk, industri og kraftverk auka med om lag 4 pro-

sent i 1955. Oppgangen var størst i utførsleindustrien, som hadde ein produksjonsauke på vèl 6 prosent. I heime-industrien auka produksjonen med om lag 3 prosent.

Sterkaste produksjonsauken i utførsleindustrien hadde ferrolegeringsverka og bergverka. Nemnande nedgang i produksjonen var det berre ved sildoljefabrikkane.

I heimeindustrien auka investeringsvareindustrien sin produksjon med 4—5 prosent. Relativt størst oppgang i produksjonen hadde rjern-, stål- og valseverka. I konsumvareindustrien låg tilverknaden knapt 2 prosent høgre enn året før.

Vassthøva var dårlege i 1955, og auken i elektrisitetsproduksjonen var derfor mindre enn året før. Men produksjonskapasiteten ved kraftverka auka monaleg frå 1954 til 1955.

Byggje- og anleggsverksemda låg i 1955 alt i alt på om lag same høgd som i 1954. Tilgangen på dei viktigaste byggjemateriala var stort sétt god. Ein reknar med at det vart bygd ferdig om lag 33 000 husvære. Det vart sett i gang færre nye bygg og gjevi færre byggjeløyve enn i 1954. Lånetilsegnene frå Bustadbanken og frå Husbanken vart skorpe ned noko i høve til 1954.

Det var ein heller stor nedgang i den offentlege anleggsverksemda frå 1954 til 1955.

Handelsflåten auka i dei tre første kvartal av 1955 med over ein halv mill. tonn, og var 1. oktober 1955 på vèl 7,2 mill. brutto tonn. Av tilvoksteren var 70 prosent tanktonnasje.

I dei tre første kvartal av 1955 vart det kontrahert vèl 1,2 mill. tonn ved norske og utanlandske verkstader mot 420 000 tonn i heile 1954.

Den innanlandske samferdsla syner framleis stiging.

Talet på innreiste utlendingar auka med om lag 10 prosent i 1955 og er det høgste som til no er registrert.

Prisnivået heldt seg tolleg stabilt i 1955, men utviklinga var noko ulik for dei einskilte varegruppene.

Lønsutviklinga i 1955 har framleis synt ein stigande tendens. Lønsstiginga for lønsmottakarane var jamt over vèl 4 prosent. Om ein tek levekostnadsindeksen som uttrykk for prisoppgangen, var reallønsstiginga pr. lønsmottakar om lag 3 prosent i medeltal. Realinntekta auka òg for sjølvstendige i alle næringar så nær som i jordbruket.

Det private forbruket auka med vèl 3 prosent frå 1954 til 1955. Dette er mindre enn stiginga frå 1953 til 1954, men svarar om lag til medelstiginga i siste femårsperioden.

Bruttoinvesteringa auka med om lag 5 prosent frå 1954 til 1955 og var i 1955 om lag 36 prosent av bruttonasjonalproduktet.

Styremaktene sette i 1955 i verk visse penge- og kredittpolitiske tiltak for å få redusert investeringane. Norges Banks diskonto vart sett opp frå 2,5 til 3,5 prosent den 14. februar 1955. Forretnings- og sparebankane auka sine innskots- og utlånsrenter tilsvarande. Andre tiltak var ei føresegn om pliktige innskotsreservar i Norges Bank for forretnings- og sparebankar, skjerpa direktiv frå Norges Bank om långjevinga i forretnings- og sparebankene, og strengare kontroll frå Norges Bank med private og kommunale låne-emisjonar.

Staten har i 1955 teki opp innanlandske lån for over 900 mill. kroner, og utanlandske lån for 350 mill. kroner. Elles har kommunar, kommunale føretak, statsføretak og nokre private føretak teki opp lån for om lag 200 mill. kroner.

Likviditeten åt bankane vart noko strammare i 1955. Utanom bankane var det ingen serleg auke i dei likvide midlane, i motsetnad til dei nærmaste åra før.

Statens budsjettrekneskap for 1954—55 vart oppgjord med jamvekt. Utgiftene var om lag ubrigda frå terminen før, medan inntektene viste stiging.

Den finansielle stillinga for kommunane er framleis jamt over god. Dei kommunale skatteinntektene steig med om lag 7,5 prosent frå 1953/54 til 1954/55. Sidan krigen har dei store investeringane ført til ein sterk auke i den kommunale lånegjelda, det meste på grunn av dei store utgiftene til elektrisitetsutbygginga.

Barnevernet er vidare utbygd i 1955. Det er tilsett barnevernssekretærar ved 6 fylkesmannsembete.

Husmorvikarordninga er innført i alle bykommunar og i 620 av 680 landkommunar.

Edruskapstilhøva har vorti noko betre. Talet på drukkenskapsmisferder går såleis ned. Kurstadene for alkoholskadde har no over 300 kurplassar.

Pensjonsyttingane er forbetra for dei alderstrygda, krigspensjonistar, blinde og vanføre, sjømenn, statsarbeidarar og skogsarbeidarar.

Helsetilstanden i riket har vori bra. Det var ikkje større farangar av noko slag. Polio-myelitt har det vori spreidde tilfelle av utover landet. Talet på nye tilfelle av venerisk sjuke var etter måten lågt.

Krinslaupsjukdomar og kreft er dei vanlegaste dødsårsakene hos vaksne. Spebarn-døyinga har gått tilbake, men er framleis høg, serleg i dei nordlegaste fylka.

Næringsmiddelhygienen står noko til atters, serleg i småbyane og i bygdene.

Arbeidet med å atterreise kyrkjene i dei krigsskadde strøka held fram.

I folkeskulen har det i 1955 vori stigande elevtal. Det har gått godt framover med bygging av klasserom.

Ved spesialskulane har utbygginga haldi fram, men det er enno skort på elevplassar.

Utbygging av yrkesskulane held fram.

Lærlinglova vart sett i kraft for 14 nye fag i 1955, slik at lova no gjeld for 26 handverksfag og 10 faggrupper i jern- og metallindustrien.

Ved Universitetet i Oslo var det i haustsemesteret 1955 om lag 3 200 studentar. Nybygget for zoofysiologi, ernæringsfysiologi og biokjemi er fullført, og arbeidet med nybygg for geologi, mineralogi, paleontologi og geografi er sett i gang.

Ved Universitetet i Bergen var det i haustsemesteret 1955 450 studentar. Utbygginga av Biologisk stasjon på Espeland held fram.

Ved Noregs tekniske høgskule var det i haustsemesteret 1955 1 297 studentar. Arbeidet med utviding av Kjemiavdelinga held fram.

Ved Noregs tannlækjarhøgskule var det i haustsemesteret 1955 ca. 200 studentar.

Noregs lærarhøgskule hadde 54 studentar og Noregs handelshøgskule 150 studentar i haustsemesteret 1955.

Statens lånekasse for studerande ungdom

hadde pr. 20. desember 1955 om lag 16 000 låntakarar med ein samla lånesum på 64 mill. kroner.

Av overskotet i Norsk Tipping A/S vart det til vitskaplege formål delt ut kr. 21 200 000 og til idrettsformål 7 800 000.

Riksteatret hadde i 1954—55 i alt 796 fram-
syningar. Norsk Bygdekino hadde ikring
18 000 framsyningar. Riksgalleriet har hatt
utstillingar i Hedmark, Telemark, Aust-Agder,

Vest-Agder, Rogaland og Nordland fylke. Opp-
lysningsfilm frå Statens Filmsentral vart synt
fram for meir enn 800 000 tilskodarar. Sta-
tens Teaterskule er no fullt utbygd og har i
samsvar med planen 3 klassar. Det frie stu-
diearbeidet og kveldskulane er i jamn vokster
med sterk auke i talet på studieringar og
kveldskuleklassar. Siste året var det om lag
5 400 studieringar, og elevtalet ved kveldssku-
lane var vèl 48 000.

Gjevi på Oslo slott 6. januar 1956.

Under riksseglet
Medan Hans Majestet Kongen er fråverande

OLAV
(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern